



Om eg skulle lese tre sider med mykje tekst, tok det omtrent ein halvtime å forstå kva eg hadde lese.

– Har eg verkeleg lese så fort?

Mange barn slit med konsentrasjonen på skulen.
Ein overraskande metode lærte Viola å lese.

Tekst: Eva Johannesson og Amanda Annasdotter Sagedal **Foto:** Ari Luostarinen

Viola (13) frå Sverige har slite med å lese heilt sidan ho starta på barneskulen.

– Når tekstane var lange, vart eg stressa og tenkte: «Shit, han eller ho har allereie bladd om til neste side.» Då bladde eg også til neste side, sjølv om eg ikkje hadde lese ferdig, seier Viola.

Krangling om leksene

Mor hennar, Johanna Lindgren Chin, er utdanna spesiallærer i lesing og skriving. Ho gjorde alt for å motivere Viola til å lese meir.

– Eg lokka henne, for eg veit at om du les meir, blir du ein betre lesar, seier mora.

Men Viola ville ikkje, og det vart mykje krangling om leksene.

I fjerde klasse vart Viola testa for **dysleksi**. Det hadde ho ikkje, men testen viste at ho hadde problem med konsentrasjonen.

Viola fekk ekstrasjelp på skulen, men det vart likevel ikkje noko lettare for henne å lese.

– Eg har jo briller, men likevel var det som om bokstavane kunne flyte frå kvarandre. Det var litt slitsamt, seier Viola.

Oppdaga noko nytt

For to år sidan snudde alt. Då las mora om ein ny teknikk som kunne auke lesefarten ved å trene **samsynet**.

Viola fekk eit par **VR**-briller og byrja å trene med hjelp av ein app. Fire dagar i veka tok ho på seg brillene og såg på bilete i 15 minutt.

Sjølv om ho stod heilt stille, var det som om ho hadde vore på trening.

– Auga mine vart slitne, og eg vart sliten. Eg måtte kvile etterpå og skjønte ikkje poenget med det eg gjorde, seier ho.

Fekk raskt resultat

Men påskjønninga kom raskt. Då Viola testa

lesefarten på nytt etter seks veker med VR-briller, hadde den auka!

– Det kjendest veldig bra. Og det motiverte meg til å halde fram, seier ho.

Treninga vart også morosamare etter kvart, då ho fekk sjå på videoar i VR-brillene.

– Då slappa eg av, det var kjempeherleg.

Tvinger auga

Telefonen blir tredd inn i brillene, som viser eitt bilete for kvart auge. Bileta går inn og ut av kvarandre, slik at auga blir tvinga til å tilpasse seg. Dette trenar samsynet, utan at den som har på brillene merkar det.

Etter litt over sju månader var Viola ferdig med treninga. Då hadde ho dubla lesefarten sin. Ho var overraska over kor raskt det gjekk.

– Eg låg og las i sofaen etter frukost og tenkte berre: «Vent! Eg er ferdig med denne sida. Har eg verkeleg lese så fort?» Det var gøy, seier ho.



Appen ho har på mobilen lagar to bilete av same video.

Hæ?

Dysleksi: Lese- og skrivevanskar.

Samsynet: Samarbeidet mellom høgre og venstre auge. Når det høgre

og venstre auget ser blir til det same biletet i hjernen.

VR: Forkorting for Virtual Reality. Brillene viser ein røyndom som ikkje er ekte, men som liknar veldig.

